

nytt

tips: tlf. 57 88 53 10 epost redaksjon@fjordabladet.no

Ber om fokus på vegane rundt Kjøde i Selje

- I samband med bygging av Stad skipstunnel er det overordna viktig å få med seg infrastruktur i vegane i området rundt Kjøde. Dette må skje i samband med planlegging av skipstunnelen, meiner Stein Jørund Amdam frå Eide Gård i Selje. No har han kome med innspel i samband med rullering av regional transportplan. Han rår hovudutval for samferdsle i fylkeskommunen til å diskutere saka.

- Eg går ikkje imot tunnel, men infrastrukturen innanfor veg må på plass. I eit samarbeid

med Stad skipstunnel og vegetatar må det bli kommunikasjon. Når det gjeld kommunesa-manslåing mot Nordfjordeid - for sjukehus, skular og tekniske tenester vil det bli naud-synt med god infrastruktur, skriv Amdam. Han viser til at det i etterkant av skipstunnelen er løpet køyrt med tanke på skyting av nye innslag i området.

- Kan bli fleire elevar på Eid og Måløy vidaregåande skular i framtida

Vanylven vil bruke Nordfjord

Elevar frå Vanylven kommune kan i framtida søkje vidaregåande skular i Nordfjord, på lik linje med elevar frå Sogn og Fjordane.

I alle fall dersom formannskapet i Vanylven får det som dei vil. Denne veka var det møte mellom formannskapet i Vanylven og politiske utsendingar frå Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, der nettopp dei strenge fylkesgrensene var tema.

Frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune møtte nestleiar i Hovudutval for opplæring, Alfred Bjørlo (V). Frå Møre og Romsdal Fylkeskommune møtte leiar i Utdanningsutvalet, Bjarne S. Elde (Ap).

- Dette er ei sak vi har kjempa for i mange år. Det vil vere mykje enklare for mange av våre ungdommar å kunne søkje seg til dei vidaregåande skulane i Måløy og på Nordfjordeid, enn å reise til dei nærmeste vidaregåande skulane på Sunnmøre, seier Vanylven-ordførar Lena Landsverk Sande.

Positive signal

Ho meiner at signala frå fylkeskommunane i møtet var positive.

- Vi håpar verkeleg at dette lar seg ordne, aller helst frå

neste skuleår, seier ho.

Den vidaregåande skulen i Vanylven har i dag rundt 40 elevar, og er ei avdeling av Herøy vidaregående. Der er i dag berre tilbod for elevar ved første årstrinn.

Landsverk Sande understrekar at dei ønskjer ei ordning som går begge vegar.

- Vi vil sjølvsgått bevare vår skule, og då er det viktig at elevar frå til dømes Selje og Stadlandet kan søkje vår skule, seier ho.

Håpar på oppmjuking

Alfred Bjørlo håpar at dei rigide reglane for inntak til vidaregåande skular over fylkesgrensa blir oppmjuka.

- For Eid og Måløy vil ei kvar oppmjuking heilt klart vere ein fordel. Her er det snakk om å legge til rette for elevane sitt beste, så eg håpar dette lar seg ordne. Der er jo også andre grenseområde, som Bjørkedalen og snart Hornindal, der den same problemstillinga gjeld, seier han.

- Sidan det er Vanylven kommune som har reist saka, er det naturleg at Møre og Romsdal må behandle denne saka først. Det er dei som sit med nøkkelen, seier Alfred Bjørlo, som legg til at han vil ta opp saka i møtet i opplæringsutvalet i fylket onsdag i neste veke.

YNGVE TOLAAS
yngve@fjordabladet.no



SAMSTEMTE: Alfred Bjørlo, her i eigenskap av nestleiar i Hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane, saman med Vanylven-ordførar Lena Landsverk Sande (V), under møtet mellom formannskapet i Vanylven og fylkeskommunane Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane denne veka.



FRAMLEIS PÅ MUSEUM: Myklebustmannen er ikkje blant dei stolne gjenstandane.

Myklebustmannen ikkje stolen

Den berømte Myklebustmannen er ikkje blant gjenstandane som vart stolne frå Historisk Museum i Bergen førre helg.

Dette stadfestar professor i arkeologi ved Universitetsmuseet i Bergen, Liv Helga Dommasnes. Ho er vitskapleg ansvarleg for jernalder inklusive Vikingtida ved museet.

- Takk og pris, får ein sei. Både Myklebustmannen og bronsekaret er intakt, seier Dommasnes til Fjordabladet. Ho understrekar at ein ikkje har full oversikt over dei andre funna på Myklebust.

- Vi har ikkje svar når det gjeld funn frå området rundt gravfeltet, seier ho.

Elles er det klart at det er stolte gjenstandar frå fleire kommunar i Nordfjord. Blant desse er ein historisk gjenstand

frå ein gard i Eid kommune. Dette er eit bissell i bronse, truleg frå vikingtida. I følgje Fjordenes Tidende har ikkje museet biletet av gjenstanden i sine databasar.

- Gjenstanden er merka «Leivstad». Eg kan ikkje no seie om dette viser til Lefdal eller Leivdal i Eid kommune, seier Dommasnes, som fortel at det er stolte historiske gjenstandar frå Eid, Hornindal, Gloppen og Stryn.

Politiets dag på Eid

Laurdag 26. august går politiets dag av stabelen. Politiet ønsker velkommen til eit hyggeleg arrangement ved Amfi Nordfjord på Nordfjordeid. Her vert det utstilling av politibilar og show med Theo, politiet sin flinke narkotikhund.

- Både vaksne og barn har høve til å bli kjent med oss i politiet og kva vi jobbar med, seier politiet. Barn får også opplæring i korleis ein tek fingeravtrykk.



No kan du møte Bjørnis

Eid brannvesen blir med på Politiets dag ved Amfi Nordfjord på laurdag, og her kan du også møte brannbamsen Bjørnis som no er med på alle utrykningene.

- Det er eigentleg ein traumebamse som blir bruk til ungar som vert utsett for ulykke eller brann. Han er for dei som treng trøyst, men han er veldig kjekk å møte for alle, fortel Are Fagerli. Han lover at du også kan sitte i brannbil denne laurdagen.

FOTO: INGEBJØRG NILSEN STOKKENES

rd-skular



- Har starta bygginga av Biltema-bygget

Klart til våren

Denne veka starta arbeidet med å reise bygget der Biltema skal inn på Nordøyane.

Grunnarbeidet er no i full gang, og etter planen skal bygget stå klart i februar/mars neste år.

- Nyleg vart bygget klart frå arkitekt, og vi sende byggesøknad til kommunen i førre veke. Som vanleg fekk vi fantastisk kjapp og god behandling frå Eid kommune, og no har vi alt-så fått igangsetningsløye, seier Arild Meisterplass, dagleg leiar i Coop Vest Eigedom AS og styremedlem i Moengården Vest AS.

Kort byggetid

Han fortel at sidan bygget skal stå klart allereie i februar/mars neste år, har ein ei kort byggetid.

- Den er både kort og krevjande, men vi skal sjølv sagt få det til, seier han.

Coop Vest Eigedom AS eig 50 prosent av aksjane i Moengården Vest AS. Det er sistnemnde selskap som byggjer og skal stå som eigar av det 3.500 kvadratmeter store bygget, som skal stå klart i februar/mars neste år.

- Vi har inngått ein tiårig leigavtale med Biltema, seier Meisterplass, som fortel at hastverket med bygginga har si naturlege årsak.



OPPSTART: Arild Meisterplass er dagleg leiar i Coop Vest Eigedom AS og styremedlem i Moengården Vest AS.

- For at Biltema skulle inngå avtale, var vi avhengige av å kunne tilby eit ferdig bygg i februar/mars 2018. Dette fordi Biltema heldt på å revidere sine langtidsplanar, fortel Meisterplass, som er svært nøgd med at Biltema let seg overbevise til å investere på Nordfjordeid.

- Vi viste dei plassen, og dei var svært positive, seier han.

Spennande

Meisterplass trur at Biltema vil bli eit trekkplaster for heile regionen.

- Vanlegvis etablerer Biltema seg på litt større stadar enn Nordfjordeid, i alle fall med fullsortiments-butikk som kjem her. Som oss ser dei at marknaden i regionen er stor nok, og

derfor vel dei å satse her. Dette er verkeleg spennande for heile Nordfjord, seier han.

Etter planen

Meisterplass seier at utnyttinga av tomta er heilt etter planen.

- Vi hadde ein tanke og plan om at denne tomta skulle nyttast til noko som ein ikkje har frå før i Nordfjord. Det har vi i aller høgste grad fått til, meiner han.

Bygget som skal reisast vil ha same avstand til Sjøgata som Amfi Nordfjord. Det skal også etablerast 50 nye parkeringsplassar, som ei forlenging av parkeringsarealet til Amfi Nordfjord.

YNGVE TOLAAS
yngve@fjordabladet.no



Helse Førde HF skal tilby trygge og nære spesialisthelsetenester av høg kvalitet til dei vel 109.000 innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Befolkinga er spreidd i eit fylke prega av fjord og fjell som gjev både utfordringar og fantastiske moglegheiter. Helseføretaket har ein desentral struktur. Lokalsjukehusa på Nordfjordeid og i Lærdal yter viktige tenester i tett samspel med sentralsjukehuset i Førde. Helse Førde har eit nært samarbeid med Helse Bergen om høgspesialiserte tilbod.

Helse Førde HF har vore gjennom store omstillingar dei siste 10 åra og er i dag eit moderne og veldrive helseføretak som yter tenester i tråd med nasjonale kvalitetsindikatorar. Helse Førde er den største arbeidsplassen i Sogn og Fjordane, om lag 3000 tilsette fordelt på 2400 årsverk og eit budsjett på om lag NOK 2.8 mrd. Hovudadministrasjonen ligg i Førde. Utvida annonse og meir om oss på www.helse-forde.no

Administrerande direktør Helse Førde HF

Utfordrande leiarstilling i veldrive helseføretak

Til ein organisasjon med sterkt identitet og engasjerte tilsette søker vi ein utviklingsorientert, tydeleg og handlekraftig administrerande direktør som evnar å spele på lag og bygge gode relasjoner i føretaket og eksternt. Vi søker deg med solid leiarerfaring på strategisk nivå frå store og komplekse kompetanseverksemder.

For meir informasjon om stillinga kontakt gjerne styreleiar Agnes Landstad, tlf 91546610, eller vår rådgjevar i prosessen, Per Inge Hjertaker hos Headvisor, tlf. 91729682. Kortfatta søknad med CV sendast snarast og seinast innan 20.sept via www.headvisor.no

